

Saksnr	Utval for plan og utvikling	Møtedato
31/21	Utval for plan og utvikling	03.06.2021
21/21	Kommunestyret	22.06.2021

STRATEGISK HAMNEPLAN STORD KOMMUNE 2021-2030

Framlegg til innstilling:

Kommunestyret vedtek strategisk hamneplan for Stord kommune 2021-2030 slik den ligg føre.

Saksprotokoll i Utval for plan og utvikling - 03.06.2021

Innstilling

1. Kommunestyret vedtek strategisk hamneplan for Stord kommune 2021-2030 slik den ligg føre.
2. Kommunestyret syner til hovudmålsetting 1 og 3 i den nye hamneplanen samt søknad frå Stord seilforeining om å etablera seg i Leirvik sentrum, og vedtek å setja ned eit ad hoc-utval for å utarbeida ein strategi for utvikling av indre Leirvik hamn med mål om:
 - Å utvikla Leirvik hamn til den føretrekte gjestehamna i Sunnhordland.
 - Å styrka attraktiviteten og bruken av hamna blant innbyggjarane på Stord.
 - Å leggja til rette for at unge kan oppleva sjø/båtliv.
 - Å leggja til rette for at eksterne aktørar innan maritime miljøtenester kan etablera seg.
 - Å leggja til rette for grøn omstilling.

Kommunestyret meiner arbeidet skal organiserast etter mal frå arbeidet med byromsstrategien for Leirvik sentrum og bed rådmannen førebu ei sak med forslag til mandat og samansetting av utvalet.

Kommunestyret vil komma attende til finansiering i samband med andre budsjettrevisjon.

3. Kommunestyret bed rådmannen førebu ei sak som vurderer kor vidt det bør vera eit mål for kommunen å jobba for at Eldøyane hamn vert ei nasjonal stamnetthamn/stamnett-terminal. (jf. hovudmålsetting 2 og 3 i ny hamneplan)

Endring i planen:

Kap 4.2.2

K: Leggja opp til landstraum ved kaianlegg, inkl. småbåtanlegg.

N:Arbeida målretta for å få tilgang/bruksrett til eller ev. etablera kaiar andre stader enn indre Leirvik hamn, som til dømes ferjekaiar som ikkje er i bruk og etablera ytre molo i Leirvik hamn.

Handsaming

Samrøystes tilrådd.

* * *

Marit T. Odland (Ap) fremja på vegne av Koalisjonen, Høgre og Frp punkt 2 og 3, og endring i planen - slik det ligg føre i innstillinga.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 22.06.2021

Vedtak

1. Kommunestyret vedtek strategisk hamneplan for Stord kommune 2021-2030 slik den ligg føre.
2. Kommunestyret syner til hovudmålsetting 1 og 3 i den nye hamneplanen samt søknad frå Stord seilforeining om å etablera seg i Leirvik sentrum, og vedtek å setja ned eit ad hoc-utval for å utarbeida ein strategi for utvikling av indre Leirvik hamn med mål om:
 - Å utvikla Leirvik hamn til den føretrekte gjestehamna i Sunnhordland.
 - Å styrka attraktiviteten og bruken av hamna blant innbyggjarane på Stord.
 - Å leggja til rette for at unge kan oppleva sjø/båtliv.
 - Å leggja til rette for at eksterne aktørar innan maritime miljøtenester kan etablera seg.
 - Å leggja til rette for grøn omstilling.
 - Å sjå på muligheita for etablering av eit sjøbad-anlegg.

Kommunestyret meiner arbeidet skal organiserast etter mal frå arbeidet med byromsstrategien for Leirvik sentrum og bed rådmannen førebu ei sak med forslag til mandat og samansetting av utvalet.

Kommunestyret vil komma attende til finansiering i samband med andre budsjettrevisjon.

3. Kommunestyret bed rådmannen førebu ei sak som vurderer kor vidt det bør vera eit mål for kommunen å jobba for at Eldøyane hamn vert ei nasjonal stamnetthamn/stamnett-terminal. (jf. hovudmålsetting 2 og 3 i ny hamneplan)

Endring i planen:

Kap 4.2.2

K: Leggja opp til landstraum ved kaianlegg, inkl. småbåtanlegg.

N: Arbeida målretta for å få tilgang/bruksrett til eller ev. etablera kaiar andre stader enn indre Leirvik hamn, som til dømes ferjekaiar som ikkje er i bruk og etablera ytre molo i Leirvik hamn.

Handsaming

Samrøystes vedteke

* * *

Geir Angeltveit (V) kom med tillegg av siste kulepunkt i nr. 2, slik det ligg føre i vedtaket.

Rådmannen, 24.03.2021

Dokumentliste

S	24.03.2021		Strategisk hamneplan Stord kommune 2021-2030
I	03.04.2017	Plan Vest	Tilbud ny kommunedelplan for hamn, Stord Hamneplan
I	03.04.2017	Multiconsult AS	Tilbud ny kommunedelplan for hamn, Stord Hamneplan
X	15.05.2017		Kontrakt utarbeiding ny Hamneplan 2017
I	28.02.2019	Abo-Ark - Berit Haga Vikanes	Revidert hamneplan
I	01.03.2019	Abo-Ark - Berit Haga Vikanes	Forslag orrigeringer småfeil/faktafeil Hamneplan
S	18.03.2019		Ny hamneplan for Stord Kommune
X	11.12.2020		Særutskrift Ny hamneplan for Stord Kommune
I	11.01.2021	Akersolutions	Frist for uttale hamneplan
S	13.01.2021		Strategisk hamneplan, første gongs handsaming
X	12.01.2021		Møtereferat nr 4
X	12.01.2021		Møtereferat nr 3
X	12.01.2021		Møtereferat nr 2
X	12.01.2021		Møtereferat nr 1
U	13.01.2021	Akersolutions	Frist for uttale hamneplan
X	08.02.2021		Særutskrift Strategisk hamneplan, første gongs handsaming
U	09.02.2021	'john.arvid.djupesland@hkraft.no' m.fl.	Kunngjering strategisk hamneplan Stord kommune
U	09.02.2021	'seg@se-grov.no' m.fl.	Utlekking av strategisk hamneplan på høyring
U	09.02.2021	'meretetar@hotmail.com'	Utlekking strategisk hamneplan
I	12.02.2021	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Fråsegn ved offentlig ettersyn - Stord - strategisk hamneplan
U	15.02.2021	Statsforvaltaren i Vestland m.fl	Kunngjering strategisk hamneplan Stord kommune
U	15.02.2021	'sales.infra@telenor.com'	VS: Avtale mellom Televerket (Norkring) og Stord kommune om Kattnakkvegen i Stord kommune
I	16.03.2021	STORD KOMMUNALE EIGEDOM	Merknad til Strategisk hamneplan 2021 - 20230
I	18.03.2021	Kystverket	Fråsegn til offentlig ettersyn av strategisk hamneplan - Stord kommune - Vestland fylke
I	20.03.2021	Talette Aud Storvik	Høringssvar - STRATEGISK HAMNEPLAN 2021-2030
I	24.03.2021	Arbeidsgruppa NOK er NOK på Eldøyane	Strategisk hamneplan 2021-2030 - Merknader til høyringsutkast
I	24.03.2021	Sameiet Leirvik Brygge (Stord)	Høringssvar - Strategisk Hamneplan 2021-2030
I	24.03.2021	Statens vegvesen	Uttale - Kunngjering strategisk hamneplan Stord kommune
I	24.03.2021	Torunn Onarheim Staurset	Uttale ang Hamneplan Stord kommune
X	07.05.2021		Strategisk hamneplan for Stord kommune 2021-2030 - 05.05.21 (endeleg versjon)

Vedlegg:

- 1 Strategisk hamneplan for Stord kommune 5.5.2012 Endeleg versjon
- 2 Uttale Hamneplan[4]
- 3 Uttale - Kunngjering strategisk hamneplan Stord kommune
- 4 Høringssvar - Strategisk Hamneplan 2021-2030
- 5 Høringssvar - Strategisk hamneplan - Styret Sameige Leirvik Brygge
- 6 Strategisk hamneplan 2021-2030 - Merknader til høyringsutkast
- 7 Strategisk hamneplan - Merknader
- 8 Høringssvar - STRATEGISK HAMNEPLAN 2021-2030

- 9 Fråsegn til offentlig ettersyn av strategisk hamneplan - Stord kommune - Vestland fylke
- 10 Merknad til Strategisk hamneplan 2021 - 20230
- 11 Fråsegn ved offentleg ettersyn - Stord - strategisk hamneplan
- 12 Vedlegg 1 Oversikt kaiar
- 13 Vedlegg 2 Oversikt eigedomar
- 14 Vedlegg 3 Oversiktskart Eigedomar
- 15 Vedlegg 4 Retningslinjer Natrutekaiein
- 16 Vedlegg 5 Retningslinjer Eldøyane hamn
- 17 Møtereferat NOK er NOK 3.3.2021
- 18 Møtereferat sameiet Leirvik brygge 4.3.2021
- 19 Strategisk hamneplan 2021 -2030 - Stord kommune

Innleiing (bakgrunn for saka)

I møte 04.02.2021 – sak PS 7/2021 gjorde Utval for plan slikt vedtak:

«Utval for plan og utvikling vedtek å leggja forslag til strategisk hamneplan 2021-2030 på høyring, og leggja han til offentleg ettersyn med følgjande endringar:

- Nytt punkt H - under 4.2.1 Hovudmålsetting 1 – miljø-, folkehelse- og ressursperspektiv:
H) Leggja til rette for at eksterne aktørar innan maretime miljøtenester kan etablera seg innan hamnestellet sitt ansvarsområde.»

Høyringsfristen vert sett til 6 veker frå kunngjeringsdato.

Høyringsfristen gjekk ut 25.03.2021. Innan fristen kom det inn 8 uttalar.

Saka gjeld godkjenning av «Strategisk hamneplan Stord kommune 2021-2030.

Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar, vurderingar)

Gjeldande hamneplan for Stord kommune vart vedteken i 1993, og sidan den gang har regelverk og rammer for arbeidet til Stord hamnestell endra seg. Det har vore vesentlege endringar både i bybiletet i Leirvik og på næringsarealet på Eldøyane, og trafikk knytt til hamnene i kommunen. Stord kommune ser difor behov for ein revidert hamneplan som utgjør ein langsiktig strategi for utviklinga av hamneområda i kommunen.

I kommuneplanen til Stord kommune (2010-2021) er det lagt opp til rullering av hamneplanen. Kommunal planstrategi 2016 – 2020 for Stord kommune gir at det skal utarbeidast ny hamneplan i 2017-2018.

Det vart i 2017 vedteke i sak PS 78/16 i kommunestyret (budsjettvedtak) å revidere hamneplanen for kommunen for å kunna styra drifta i ønska retning. Hamneplanen legg fokus på å driva offentleg forvaltning av hamneområda i Stord kommune og leggja til rette for industri og næring på Eldøyane.

Utval for plan og utvikling (PUT) bad i møte 10.12.2020 om at planutkastet blir revidert ved at ein:

- 1. Vurderer ytre molo for Leirvik i tråd med budsjettvedtaket (verbalpunkt) for 2020.*
- 2. Folkehelseperspektivet må belysast sterkare. Utvalet foreslår at ein involverer folkehelsekoordinator i dette.*
- 3. Utvalet ber om at Stord som nullutsleppskommune vert innarbeida i hamneplanen.*
- 4. Utvalet ber om at det vert vurdert korleis ungdom kan få lettare tilgang på båt plass, til dømes gjennom å setja av båt plassar reservert ungdom til låg pris.*

Plandokumentet er gjennomgått og revidert i høve PUT sine forslag til tilføyningar/endringar.

Ny lov om havner og farvann trådde i kraft 1.1.2020. Lova får mellom anna betyding for kommunane si mynde i og ansvar for sitt sjøområde. Lova legg opp til effektiv, sikker og miljøvenleg drift av hamn og bruk av farvatn, samtidig som det skal takast omsyn til eit konkurransedyktig næringsliv.

Nasjonal transportplan og nasjonal hamnestrategi legg opp til berekraftig vekst og verdiskaping, forenkling av hamnestrukturen og å utvikla effektive, intermodale (fleire transportformer inngår i ei transportkjede) knutepunkt.

Hamnestellet har i den nye hamneplanen teke utgangspunkt i Stord kommune sin visjon «**Saman om utvikling og velferd**». Det er i den nye hamneplanen lagt opp til fire hovudmålsetjingar med egne delmål og konkrete tiltak.

Hovudfokus i den strategiske hamneplanen er områda Leirvik Hamn og Eldøyane. Begge desse områda har hatt ei rivande utvikling, Leirvik hamn har hatt store, urbane utbyggingar for bustadformål langsved sjøsida i hamna og Eldøyane Industriområde har hatt ei enorm utvikling når det gjeld etablering av industri, bedrifter og ved utfylling av sjøområde for auka landareal. Dette har ført til endra behov og krav til hamnestellet når det gjeld drift av hamnene.

Hamneplanen inneheld 4 hovudmålsettingar med strategiar og tiltak for Stord Hamnestell.

Hovudmålsetting 1 – miljø- folkehelse og ressursperspektiv

Stord hamnestell skal ha eit miljø-, folkehelse- og ressursperspektiv i all si verksemd

Hovudmålsetting 2 – bidra til å styrkje og utvikle næringslivet

Stord hamnestell skal bidra til å styrkje og utvikle næringslivet på Stord og i Sunnhordland

Hovudmålsetting 3 – regionalt knutepunkt for sjøvegs transport

Stord hamnestell skal oppretthalde og vidareutvikle hamnene i kommunen som eit regionalt knutepunkt for sjøvegs transport i Sunnhordland, med god tilknytning til kyststamvegen

Hovudmålsetting 4 – føretrekt gjestehamn i Sunnhordland

Stord hamnestell skal tilby dei føretrekte gjestehamnene i Sunnhordland.

Kvar av hovudmålsettingane har eigne strategiar slik det går fram av kapittel 4.

Hovudføremålet med planen er å synleggjera dei strategiske grepa ein ynskjer i drifta, med tilhøyrande hovudmålsettingar, delmål og konkrete tiltak, samt prioritering av ressursar knytt til Stord hamnestell si drift i planperioden.

Stord kommune har sett seg klimamål for å verta nullutsleppskommune i 2030. For å nå dette målet for hamnar i Stord må landstraum etablerast, og alle fartøy som kjem til Leirvik hamn og Eldøyane skal kunne kopla seg til landstraum, og at alt utstyr til Stord hamnestell skal ha miljøvenleg drift.

Folkehelselova § 4 seier at kommunen skal fremje befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebyggje psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, bidra til utjamning av sosiale helseforskjellar og bidra til å beskytte befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helse.

For mange av innbyggjarane i Stord er kontakt med sjø og maritime miljø, og tilgang til strandlina og båtliv viktig for identitet og trivsel. Det å kunne leggje til rette for meir likeverdig tilgang til desse opplevingane er såleis tiltak i tråd med folkehelsemåla. Ulukker er ei stor folkehelseutfordring, og førebyggjande tiltak mot dette i alle hamneområde, må ha merksemd. Sjå strategi og handlingsprogram i kap. 4 og 5 for aktuelle tiltak.

Støy vert definert som uønskt lyd. Kva som er uønskt lyd vil variere frå person til person og frå situasjon til situasjon. Om støyen frå hamn er over 55 dBA (skala for måling av støy) på dagtid, betyr det at grenseverdien myndighetene har sett for støy vert overskride. I følge Folkehelseinstituttet har om lag 200.000 personar problem med nattesøvnen på grunn av støy i Norge. Forsking viser at støy kan gi psykisk stress, og helseplager som høgt blodtrykk, muskelspenningar og muskelsmerter.

I den reviderte hamneplanen er det fokus på støyulempere for naboar særleg knytt mot Natrutekaiaen og Eldøyane næringspark. Det er gjennomført støyanalyser for begge områda. Analysane syner at det er utfordringar både ved Natrutekaiaen og kring Eldøyane. For Eldøyane vert det ein gong i året gjennomført støymålingar. Målingane vil danna grunnlag for eventuelle tiltak for å betra støysituasjonen i området.

Dei som bur på og ved Natrutekaiaen har kort avstand til kaikanten og målingar syner at støynivået til tider er høgt. Både på Eldøyane og Natrutekaiaen er det etablert landstrøm. Det vert lagt opp til dialog med bebuarane ved Natrutekaiaen og kring Eldøyane.

I kapittel 3 er det skissert avbøtande tiltak for bustadområda. Reguleringsplan for Eldøyane stiller krav om samla støyrapportering og ev. avbøtande tiltak dersom samla støynivå bryt grenseverdiene gjevne i reguleringsplanen.

Hamneplanen inneheld forslag til korleis hamnedrifta skal utførast i framtida til beste for kommunens innbyggjarar og for næringslivet i kommunen.

Det er sett av 2,0 mill. kr til utgreiing/vurdering av ytre molo ved Storddøra. Større fartøy frå indre Leirvik hamn kan flyttast til ein ytre molo og dermed redusere støynivået for bustader i indre Leirvik hamn, og eventuelt leggja til rette for cruiseskipanløp.

For å bidra til at alle, særskilt unge, kan ta del i sjø/båtliv, er det framlegg om å setja av båtplassar til unge, der ein slepper innskottssum, men berre betaler leige.

Vurdering

Behovet for rullering av hamneplanen i Stord Kommune er blitt stadig tydeligare dei siste åra. Utviklinga i Stord kommune som by og som knutepunkt i Sunnhordlandsregionen, har ført til endra krav for utføring av hamnedrifta i kommunen. Utbygging av sjønære areal til bustadformål har gitt eit markant urbant preg og karakter over Leirvik Hamn. Vidare har det vore store endringar og krav til hamnestellet når det gjeld internasjonalt og nasjonalt regelverk for skipsfart, her er dette tydeleggjort ved at terminalen på Natrutekaiaen og på Eldøyane er sikra med sikringsgjerde.

De har vore ein auke i tal cruiseanløp til kommunen, samt at store oppdrag i industrien lokalt og regionalt har ført til både auka og endra bruk av kaiane disponibelt i Leirvik.

På Eldøyane har bakareal og eksisterande kai dei siste åra vore optimalt utnytta. Hamnestellet søker å leggja til rette for maritim industri og næringsverksemd og foreslår i hamneplanen å utvida kaifronten med omlag hundre meter for betre å kunne leggja til rette for auka maritim aktivitet på Eldøyane. Dette ser ein på som ei nødvendig utvikling for fortsatt å vera eit maritimt knutepunkt i Sunnhordlandsregionen samt for å ha høve til å avlasta bruk av kai i Leirvik Hamn.

Det er realistisk å nå mål om nullutslepp innan 2030 gjennom tiltak skissert i den strategiske hamneplanen.

Støyproblematikken både i Leirvik hamn og Eldøyane er krevjande, og det vert lagt opp til god dialog med hamnestellet og råka naboar til hamnestellet sine anlegg. Det vert her vist til «Retningslinjer for fartøy og andre farkostar til kai i Leirvik hamn og Eldøyane hamn».

Folkehelseperspektivet er viktig i utviklinga av hamneområda i Stord, der ein legg opp til vidareutvikling av strandlinja med mellom anna universell utforming.

Det er viktig å leggja opp til at dei unge kan ta del i båtlivet.

Etablering av ein ytre molo må i tilfelle greiast ut med forstudie og forprosjekt.

Innkome uttalar:

1. Statsforvaltaren

Innleiingsvis stiller Statsforvaltaren i Vestland spørsmål ved om «Strategisk hamneplan» skal oppfattast som å vera ein kommunedelplan for eit tema eller verksemdsområde, då planprosessen etter det statsforvaltaren kan sjå ikkje fullt ut har følgd føringane i plan og bygningsloven (pbl) §§ 11-12 til 11-15 som gjeld for utarbeiding og vedtak av kommuneplanens samfunnsdel. Uavhengig av dette, så er ikkje

dette ein plan som opnar for Statsforvaltarens bruk av motsegn om planforslaget rører ved nasjonale eller viktige regionale interesser, jf. pbl. § 5-4. Fråsegna frå statsforvaltaren er av meir generell karakter.

Statsforvaltaren er positiv til at Stord kommune har revidert strategisk hamneplan med bakgrunn i m.a. ny hamne- og farvasslov, og for både å kunne møte og halda følgje med samfunnsutviklinga generelt. Statsforvaltaren ser planen som eit styringsverktøy for hamnestellet, samstundes som den gjev signal til omgjevnadane om kva ein kan/må forvente med omsyn til utvikling og drift av hamnene i kommunen. I uttalen omtalar Statsforvaltaren kommunen sine fire målsetjingar.

I ei utvikling som går i retning av stadig fleire bustadeiningar/miljø og offentlege rom/tilbod langs sjøkanten vil potensialet for interessekonfliktar mellom bebuarar/ålmenta og hamnedrifta auka. Spesielt utfordringar relatert til forureining inklusive støy og lys er høgaktuelle i tillegg til visuelle inntrykk. Statsforvaltaren tilrår at kommunen ved eventuelle konfliktar mellom dei fire målsetjingane vurderer å gje prioritet til det som gjeld folkehelse og miljø.

Vidare er statsforvaltaren positiv til at Stord kommunestyre har vedteke å følgje opp Vestland fylkeskommune sine klimamål og bli nullutsleppskommune innan 2030, og at hamnestellet skal bidra til å nå desse klimamåla. Det vert utfordra at kommunen har eit enda høgare ambisjonsnivå. Det vert rådd til at Stord kommune/Stord hamnestell etablerer god dialog med ulike interessegrupper på permanent basis for på eit tidleg stadium å avdekke og helst løyse potensielle interessekonfliktar før desse eskalerer.

Vurdering/kommentar:

Strategisk hamneplan er utarbeidd som ein strategisk plan – ein sektorplan/temaplan. Statsforvaltaren er positiv til at den reviderte hamneplanen er gjort i tråd med ny hamne- og farvasslov. Det er elles ikkje gjort endringar i planforslaget som følgje av uttalen.

2. Stord kommunale eigedom

Stord kommunale eigedom opplyser at det på gnr./14 – nord av Stord lufthamn, vert det i desse dagar utarbeida ein reguleringsplan som også vil omfatta kai-anlegg. Ingen planar om kaibygging.

Vurdering/kommentar:

Ikkje gjort endringar i planforslaget som følgje av uttalen.

3. Kystverket

Kystverket støttar kommunen sitt arbeid med ny strategisk hamneplan forankra i. Kystverket uttalar at god planlegging er eit viktig verktøy for utvikling og effektiv drift av hamnene, der både omsyn til næringslivet og andre samfunnsmessige omsyn. Kystverket har ingen konkrete merknader til hamneplanen, men ønsker å støtte opp under kommunen sine vurderingar med nokre moment: Kystverket peikar på at hamnene er viktige knutepunkt mellom sjø- og landtransport. For å ønska utvikling og styrking av hamnene som transportknutepunkt må det settas av tilstrekkelege og hensiktsmessige areal til framtidsretta og effektiv drift i hamnene, og auka tilrettelegging for næringsverksemd med behov for hamnetenester. Dette vil gjelde både for landareal og sjøareal.

Frå eit miljøperspektiv er det viktig å legge til rette for at gods kan gå sjøvegen.

Det vert peika på sjøtransporten sitt konkurransefortrinn er å tilby effektiv, sikker og tilgjengeleg transport, i hovudsak for å dekke næringslivet sitt behov, med lite negativ miljøpåverknad. Utfordringa blir å styrke og holde på desse fortrinna.

Vurdering/kommentar:

Ikkje gjort endringar i planforslaget som følgje av uttalen.

4. Talette Storevik, Nattrutekaien 43

Talette Storevik er bebuar i Sameiget Leirvik Brygge og uttalen er gjeld hennar tilhøve ved Nattrutekaien. Leilegheita ligg 6 meter frå kai kanten på Nattrutekaien. Ho set stor pris på at Stord hamnestell skal driva offentleg forvaltning til det beste for brukarane i hamna, innbyggjarane og næringslivet i Stord

kommune, og at Stord hamnestell har som sin første målsetting å ha eit miljø-, folkehelse- og ressursperspektiv i all si verksemd.

Ho meiner at Stord hamnestell ikkje vil kunne oppfylle målsettinga om å ivareta miljø og folkehelse ved å definera den kommunale hamna Leirvik hamn (Nattrutekaaien) som ventekai og som kai for lengre landligge for større fartøy som brønnbåtar og supplyskip. Desse fartøya medfører sjenerande støy og forureining samt manglande utsyn. Det vert hevda at Stord hamnestell manglar ein analyse over skipstrafikken i sentrum, utvikling i storleik på fartøya, liggetid for ulike fartøy mv. Ho set pris på at Stord hamnestell har etablert landstraumanlegg for å redusera støy og forureining. Storleiken på fartøy som skal liggja ved Leirvik hamn må begrensa. Ho meiner at Stord kommune ikkje skal akseptera at Stord hamnestell legg større fartøy på Nattrutekaaien slik at dei hindrar lys og utsyn. Skip som ikkje nyttar landstraum skal ikkje leggjast ved Nattrutekaaien.

Ho meiner at kommunen sine berekraftsmål ikkje er gode nok for å nå FN sine berekraftsmål innan 2030.

Vurdering/kommentar:

Mykje av dei punkt som vert teken opp er kjent av Stord hamnestell, og som det vert arbeidd med for å på til betre tilhøve for bebuarane ved Nattrutekaaien. Bruk av landstraum er eit av tiltaka som ligg inne i planen. Det vert elles vist til retningslinene for fartøy og andre farkostar til kai i Leirvik hamn. I desse retningslinene går det fram at for farkostar som skal liggja over natta eller lengre tid ved kai, vert det pålagt å kopla seg til landstraum.

Fartøy i regelmessige «helgeopplag» skal plasserast til minst mogeleg sjenanse for fastbuande i området. Vidare skal fartøya redusera bruken av dekklys om natta til minimumskrava i høve internasjonale kra

Det er ikkje gjort endringar i planforslaget som følgje av uttalen.

5. Arbeidsgruppe NOK er NOK

Merknadane frå arbeidsgruppe NOK er NOK gjeld hamna på Eldøyane.

I punkt 2. Overordna føringar og retningslinjer må det i følgje NOK er NOK inn eit punkt om gjeldande reguleringsplanar for Eldøyane,

- PlanID R-231-000 «Eldøyane»
- PlanID 201309 «Eldøyane Næringspark Sør»

Grunngjeving for dette er at reguleringsplanane er viktigaste overordna dokument for styring av all utbygging og aktivitet på Eldøyane. Dette gjeld særleg den nyaste reguleringsplanen for Eldøyane Næringspark Sør, som mellom anna set grenser for samla støy og miljøpåverknad frå heile området inkludert Eldøyane Hamn, Eldøyane Næringspark og Verftsområdet.

NOK er NOK meiner at Strategisk hamneplan må ta omsyn til den samla aktiviteten i området og ikkje berre hamna, noko som inneber at støyberekningar og støykart skal visa samla støy frå heile området og ikkje berre støy frå hamna.

Det vert peika på at dei to støykarta i planen berre viser støy frå Eldøy hamn, og at det må supplerast med støykart som viser samla støy frå hamn og næringsområde. Det vert vidare hevda at støykarta i planen ikkje samsvarar med den støybelastning som naboane til hamna opplever i dag.

Når det gjeld landstraum vert det hevda at det ikkje er tilstrekkeleg kapasitet til å forsyna større båtar når dei er i gang med lasting og lossing.

Det vert stilt spørsmål om vidareutvikling av hamnearealet på Eldøyane, og kva tid nye landstraumsanlegg vert etablert – 2030 er alt for seint. Nye landstraumsanlegg må vere på plass den dagen nye kaiar vert tekne i bruk.

Vurdering/kommentar:

Stord kommune har hatt eige møte med representantar frå arbeidsgruppe NOK er NOK i samband med høyringa.

Reguleringsplanane det vert vist til vert lagt inn i punkt 2 i planen.

Støy- og miljøbelastning er prioritert i planen, og nye støymålingar vert gjort ein gong i året som tidlegare utført. NOK er NOK vil verta halden orientert om resultatet av målingane.

Støyrapport rapport for 2020 ligg no føre. Utval for plan og utvikling (PUT) har i møte 6.5.2021 – handsama i sak PS20/2021 - Støyrapport frå Eldøyane næringspark – støymålingar 2020. Gjeldande reguleringsplan for Eldøyane næringspark Sør, PlanID 201309, har føresegner som set støygrensar for all aktivitet innanfor planområdet, samt for årleg rapportering av støynivå til kommunen. Reguleringsplanen set krav om at ein ev. tiltaksplan ved for høgt støynivå skal leggast fram som politisk sak for Utval for plan og utvikling/ Hamnestyret.

Med bakgrunn i rapporten for 2020 er det ikkje er grunnlag for å påleggje tiltak. Eksisterande hamn ligg utanfor gjeldande reguleringsplan, og støyutsleppa må handterast gjennom folkehelselovgivinga og forskrift for miljøretta helsevern. Denne skal regulera kommunal drift og planlegging av denne. Forskrifta inneheld og høve for pålegg om gransking og pålegg (§ 13).

Det vert elles vist til utgreiinga i PUT-sak PS 20/2021.

Kapasitet og vidare utbygging av landstraum vert prioritert – jf. tiltak i handlingsprogrammet. Om det kjem i 2025 eller før, vert vurdert ved rullering av økonomiplan og budsjett.

Når det gjeld vidareutvikling av hamnearealet på Eldøyane er ikkje dette endeleg fast sett. Når det ligg føre forslag til tiltak vil NOK er NOK verta orientert om dette.

Utover å legge inn reguleringsplanen i pkt. 2 som er nemnt overfor, er det ikkje gjort endringar i planforslaget som følgje av uttalen.

6. Sameiget Leirvik brygge

Sameiget Leirvik brygge vart etablert i 2003 og består av 38 bustadseksjonar og 2 næringsseksjonar, og ligg 10 meter frå kai kanten til den offentlege kaien Natrutekaien.

Som bebuarar og næringsdrivande med adresse Natrutekaien, forventar ein ei levande hamn i nærleiken av eins bustad eller arbeidsplass. Det sameiget har hatt store utfordringar med storparten av tida, er Stord kommune v/hamnestellet si drift av kaien.

Sameiget gir ein oversikt av diverse kommunale dokument som Kommuneplan Leirvik (2007) og vedtak i Komité for næring, miljø og kultur i 2016.

Sameiget meiner at revidert hamneplan har som mål å redusera interesse konfliktane knytt til bustad, støy og forureining og skape meir føreseielegheit for bebuarane nær kaiene er positivt, og det gir bebuarane i sameiget eit reelt grunnlag for samarbeid og kommunikasjon med hamnestellet.

Styret meiner at «Forskrift om begrensing av forureining» (Forurensningsforskriften) burde vore lista opp og kommentert i planen på lik linje som 2.9 Folkehelselova. Dette fordi Forurensningsforskriften ikkje berre tek for seg CO2 og andre utslepp, den tek og føre seg støy og ansvar rundt støyande aktivitetar og drifta av denne. Styret ser at det per dato ikkje er god nok oppfølging frå forurensningsmyndigheten, som er Stord kommune, opp mot anleggseigar (drifter og eigar av kai) som igjen er Stord kommune. Det kjem støy frå hjelpeaggregat og arbeid om bord i båtar til kai.

I høyringsuttalen kommenterer styret i sameige endringar i ny lov om havner og farvann, og meiner at ny lov til ein viss grad er klargjerande når det gjeld Stord kommune «si mynde i og ansvar for sitt sjøområde». Styret stiller spørsmål om kommunen kan nekta fartøy å liggja ved Natrutekaien dersom dei ikkje kan koplare seg til landstraumsanlegg, og med det fjerna den miljøskadelege støyen frå Leirvik hamn. Styret etterspør og om det vert føreteke risikoanalysar i samband med anløpa. Det vert og etterspurd kor det er høve til etablering av opne byrom og sosiale møteplassar mot sjø. Sjøområda i Leirvik hamn er etter styre si mening i røynda stengt for ålmenta. Sameiget ynskjer at Leirvik hamn skal vera ei levande hamn med småbåtar, rutegåande trafikk, kafear og strandpromenade. Styret meiner at so lenge Natrutekaien er ein «industriell» ISPS-kan med sikringsgjerde, vil ein aldri få ein idyllisk strandpromenade i Leirvik sentrum. Styret kommenterer og «Forskrift om sikring av hamneanlegg» og hamnestellet si oppgradering av ISPS-terminalen, og at ei slik oppgradering bryt med mål i planen.

Klima- og energiplanen i Stord kommune er og kommentert av sameiget, og meiner klima- og miljøspørsmål vert løfta opp på forpliktande plannivå.

Sameiget stiller seg undrande til at brønnbåtane er omtalt i planen. Det er brønnbåtane som representerer brorparten av helse- og miljøproblem for bebruarane på Natrutekaien.

Styret meiner planen manglar analyse over skipstrafikken i sentrum, utviklinga i storleik på fartøya, liggetid for ulike fartøy mv. Styret lurar på kva som ligg i begrepet ventekai

Støyproblematikken er og omtala i uttalen frå sameiget, og det vert vist til bruk av landstraum og at «Retningslinjer for fartøy og andre farkostar til kai i Leirvik hamn» vert følgd opp, og vidareformidla til brukarane av kaien.

Styret meiner at Stord hamnestell ikkje vil kunne oppfylle målsettinga ved å definera den kommunale hamna Leirvik hamn (Natrutekaien) som ventekai og som kai for lengre landligge for større fartøy.

Styret ser positivt på etablering av ytre molo ved Storddøra.

Vurdering/kommentar:

Det har over lengre tid vore interessekonfliktar kring bruk av areala, mellom anna knytt til støy, lys og utsyn. I planen er det eit mål at det skal oppstå minimum med konfliktar og føresegnar med omsyn til avbøtande tiltak. I revidert hamneplan er det mål om å redusera interessekonfliktane knytt til busetnad, støy og forureining og skapa meir føreseielegheit for bebruarane nær kaien.

Utfordringane med støy og anna forureining er omtala i planforslaget For Leirvik hamn er det utarbeidd støysonekart som syner at mange bustader ligg i raud sone. Bruk av landstraum er eit av tiltaka som ligg inne i planen. Hamnestellet tilbyr alle fartøy som har høve til å kopla seg til landstraumsanlegg. Etablering og bruk av landstraumsanlegg er eit viktig avbøtande tiltak. Det same er oppfølging av «Retningslinjer for fartøy og andre farkostar til kai i Leirvik hamn».

I tillegg til overfor nemnte avbøtande tiltak, vert det lagt opp til å opprette plattform for dialog med rørte naboar, tilbyr avlastingskaiar med krav om tilkopling til landstraum for kaianlegg i indre Leirvik hamn og arbeida målretta for å få tilgang/bruksrett til kaiar andre stadar enn indre Leirvik hamn (ventekaiar for større fartøy/supplyskip), som til dømes ferjekaiar som ikkje er i bruk.

Hamnesikringstiltak (ISPS) er heimla i hamne- og farvasslova §30, samt forskrift om sikring av havner og havneterminaler mot terrorhandlingar. Stord kommune v/hamnestellet er pålagt å følgja opp dette tiltaket.

Når det gjeld klima og energi har kommunestyret vedteke at Stord kommune skal følgja opp Vestland fylkeskommune sine klimamål. I strategisk hamneplan er det lista opp nokre av dei tiltaka Stord kommune vil gjennomføra i perioden fram mot 2030.

Hamneplanen legg opp til sjønære kommunale eigedomar i Leirvik sentrum skal utviklast til urbane park- og byrom.

Folkehelseperspektivet er viktig i alle plandokument, og Folkehelselova § 4 fastset at kommunen skal fremja befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige, og bidra til å førebyggja psykisk og somatisk sjukdom mv. Dette er teke omsyn til i planforslaget.

Oversikt over skipstrafikken i sentrum vert omtala i årsmeldinga for hamnestellet. Kommentar om forurensingsforskrifta er innarbeidd i plandokumentet. Det er ikkje gjort endringar i planforslaget som følgje av uttalen.

7. Statens vegvesen

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vegvesenet har og ansvar for føringar i nasjonal transportplan (NTP), statlege retningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivareteke i planlegginga.

Vegvesenet meiner planen vil vera nyttig i Stord hamnestell sitt daglege virke, samt i budsjettssamanheng og prioritering av meir langsiktige satsingar. Det vert og peika på at Stord kommune har starta opp arbeidet med byromsstrategi for Leirvik sentrum.

Det vert peika på at retningsline for behandling av støy i arealplanlegginga, T-1442, gir rettleiande grenseverdiar for utandørs støy. Den er såleis ikkje rettsleg bindande. Retningslinja bygger på EU-regelverket sine metodar og målestørleikar, og er koordinert med støyreglane som er gjevne etter forureiningslova og forskrift om tekniske krav til byggverk.

Vegvesenet skriv litt om landfast E39 og konsekvensane for sjøtransporten.

Vegvesenet peikar og på eventuell utvikling av areala på Skjersholmane.

Statens vegvesen konkluderer med at det er særskilt viktig at det med utvikling av hamneområda i Stord kommune, må ha fokus på den bruk kvar enkel hamn skal ha. Det må og vurderast nødvendig infrastruktur som i tilstrekkeleg grad er dimensjonert for forventet trafikk på dei største industrihamnene der for eksempel modulvogntog og spesialtransport skal transportere leveranse.

Vurdering/kommentar:

Statens vegvesen har ingen konkrete merknader til Strategisk hamneplan, men peikar på område som kommunen/hamnestellet bør arbeida vidare med. Ikkje gjort endringar i planforslaget som følgje av uttalen.

8. Sameige Hamnegata 56-58

Innleiingsvis omtalar sameiget planarbeidet med omsyn til fortetting av sentrum og hamneområdet, bærekraft og utvikling som ein føresetnad for ei fortetting, og ha kunnskap om og innsikt i konsekvensar av fortetting.

Sameiget skriv at hamneområdet dei siste åra har hatt ei positiv utvikling når det gjeld å legge til rette for vandring, opphald og rekreasjon. Det vert og peika på at småbåthamna har fått høgare standard for tilreisande i sommarhalvåret, det er delvis lagt opp til landstraum og grøntareal har blitt utbetra. Sameiget ynskjer at det og vidare blir lagt vekt på trivsel og miljø i vandreområdet langs kaien og i småbåthamna.

Sameiget har registrert at talet på båtanløp/landligge har auka kraftig i Leirvik hamn, særleg gjeld dette helgar og høgtider. Det ligg brønnbåtar utpå kvarandre utan bruk av landstraum.

Sameiget meiner at den kommunale industrikai anlegget på Eldøyane er ISPS godkjent med permanent gjerde/kamera, og sameiget opp kommunen at det ikkje vert sett opp permanent ISPS gjerde på Natrutekaien eller annan stad i Leirvik hamn.

Sameiget har lista opp 4 punkt med følgjande oppmoding:

- Dialogmøte 1-2 gonger årleg med hamn, og e-post med info om ventande anløp på Skotabergkaien
- Fartøy som ikkje ligg på landstraum blir vist til andre kaiar, alternativet er at dei må betala ekstra gebyr
- Føreslår at Skottebergkaien i sommar månadene prioriterer småbåtar og feriegjester. Ser positivt på at Ambulanse vert lagt til denne kaien
- Natrutekaien og Skotabergkaien står oppført som opplags/ventekai op hamneoversikten. Dette må fjernast. Ventekai er ei upresis nemning

Vurdering/kommentar:

Uttalen omtalar utviklinga i hamneområdet som positivt. Planen legg opp til ytterlegare tiltak for å gjera hamneområdet enda meir attraktivt. Hamnesikringstiltak (ISPS) er heimla i hamne- og farvasslova §30, samt forskrift om sikring av havner og havneterminaler mot terrorhandlingar. Stord kommune v/hamnestellet er pålagt å følgja opp dette tiltaket.

Det er ikkje gjort endringar i planforslaget som følgje av uttalen.

Økonomiske konsekvensar

Oppfølging av tiltaka i planen vil verta vurdert årleg ved rullering av budsjetta og økonomiplanen.

Miljømessig konsekvens

Er omtala i planen.

Folkehelse

Folkehelsa er omtala i planen.

Universell utforming

Ikkje vurdert.

Beredskap

Hamneplanet sitt beredskapsansvar vert vidareført.

Vurdering

Det kom inn 8 merknader til planen. Nokre av dei er teke omsyn til i plandokumentet, mens dei fleste er ivaretekne i planforslaget.

Konklusjon

Rådmannen meiner Strategisk hamneplan gjev ein god oversikt over kva utfordringar, strategiar og målsettingar Stord kommune og Stord hamneplan har, og som skal prioriterast i planperioden 2021-2030. Rådmannen rår til at strategisk hamneplan Stord kommune 2021-2030 vert godkjend slik den ligg føre.